



Fortunen AS
Torgallmenningen 7
5014 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/85 - 16/20841

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
01.11.2016

Godkjenning - igangsettingsløyve resterande del av tiltak - tilbygg Grasdal skule, gbnr 27/129.

Administrativt vedtak. Saknr: 361/2016

Tiltakshavar: Meland kommune v/ordfører
Ansvarleg søkjar: Fortunen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 – 1

Saksutgreiing/vurdering:

Fortunen AS har på vegne av Meland kommune søkt om igangsettingsløyve for resterande del av tiltaket – tilbygg til Grasdal skule, gbnr 27/129.

Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak 49/2016 – dagsett 26.02.2016.

Igangsettingsløyve grunnarbeid og utvendig VA i administrativt vedtak 185/2016 – dagsett 08.06.2016.

Igangsettingsløyve tømrrar- og betongarbeid og brannprosjektering i administrativt vedtak 309/2016 - dagsett 16.09.2016.

Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for Moldekleiv – planid 125619780 001 - avsett til offentlig føremål. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. D et er ikkje trong for ny nabovarsling.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett o g gjennomføringsplan dagsett 26.10.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

Vedtak

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for resterande del av tiltaket – tilbygg til Grasdal skule, gbnr 27/129, jf søknad med vedlegg motteke 26.10.2016.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 26.10.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

27-129 IG

Kopi til:

Meland kommune v/ordførar
Øyvind Oddekalv
Ronny Landaas

Mottakere:

Mottakere:
Fortunen AS

Torgallmenningen 5014
7

BERGEN